



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT SUNDVE BARNE– OG UNGDOMSSKULE



4. - 7. april 2005



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. Klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion ***Vurderingsgruppa***

2 FAKTA OM SKULEN

Sundve barne- og ungdomsskule er ein kombinert skule med 123 elevar og 14 lærarar. Skulen ligg på Vossestrand i Voss kommune. Ungdomssteget rekrutterer elevar frå fire barneskular: Myrkdalen, Oppheim, Jordalen og Sundve. Det bur om lag 1000 personar i området. Næringsgrunnlaget er hovudsakleg jordbruk og turisme.

3 VURDERINGSTEMA

Sundve skule har bede om vurdering på følgjande tema :

Tilpassa opplæring med hovudvekt på arbeidsmåtar og læringsstrategiar.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Fokusområde: tilpassa opplæring med hovudvekt på arbeidsmåtar og læringsstrategiar

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Det er trivsel på skulen	<ul style="list-style-type: none">- Lærarane gjev elevane merksemd ("ser") kvar dag- Eleven har vener på skulen- Det er lite konflikhtar på skulen- Eleven har arbeidsro- Dei tilsette trivst på skulen- Alle har noko å gjera i friminutta
Det er godt samarbeid mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none">- Det er god dialog om barnet si faglege og sosiale utvikling.- Det vert lagt til rette for tovegskommunikasjon når skule og heim møtest
Elevane får tilpassa opplæring	<p>Elevane får opplæring etter evner og anlegg:</p> <ul style="list-style-type: none">- Elevane får trening i å disponera tida si- Elevane får tydelege læringsmål.- Læringsmåla er kjende for foreldre- Elevane er med på å vurdere eige arbeid- Elevane kjenner vurderingskriteria.- Ulike læringsaktivitetar går føre seg samstundes- Elevane kan gjera val m.o.t. vanskegrad- Elevane kan gjera val m.o.t. arbeidsmåte- Skulen gjennomfører elevsamtalar
Lærarane legg opp til varierte arbeidsmåtar og læringsstrategiar	<ul style="list-style-type: none">- Elevane arbeider på ulike måtar (t.d. uteskule, leik, prosjektarbeid.....)- Elevane får uttrykkja seg på ulike måtar (t.d. drama, dans, foredrag, video...)- Ulike læringsstrategiar og arbeidsmåtar vert drøfta med elevane- Skulen nyttar digitalt utstyr til gjennomføring av fagplanane- Lærarane har kunnskap om ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar og drøftar desse- 1.-4.klassegruppa nyttar leik som læringsstrategi for å nå læringsmål.
Elevane når læringsmåla	<ul style="list-style-type: none">- elevane får tilbakemelding på arbeid undervegs- elevane får sluttvurdering av eige arbeid- elevane har elevmapper eller annan dokumentasjon på læring- skulen evaluerer resultatet av kartleggingsprøver / nasjonale prøvar- skulen følgjer opp resultatene av desse prøvane og kan setja i verk tiltak



Hardanger / Voss kompetanseregion ***Vurderingsgruppa***

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Foreldre, elevar og lærarar.
- Eksterne : Frå vurderingsgruppa: Gugny Fykse, Rannveig Alvsåker og Torgeir Vassnes.

Grunngjeving for val av informantar

I vurderingsarbeidet er det viktig å involvera dei partane det gjeld. Tilpassa opplæring vedkjem alle partar i skulesamfunnet.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tidsbruk på Sundve skule:

Vurderingsparet var på skulen i fem dagar:

Mandag 7. februar: vurderarane har møte med rektor og møte med personalet.

Veke 6 og 7: elevane fyller ut loggskjema.

Veke 10: Kriteriearket vert sendt til skulen for godkjenning.
Påstandskjema til foreldre vert sendt skulen.

Veke 11: Påstandskjema til lærarane vert sendt skulen.
Alle utfylte skjema vert sendt attende til vurderarane.

Veke 13: Oppsummering av tilbakesendt materiale.
Utarbeiding av samtaleguidar.

Veke 14 (vurderingsveka)

Mandag 4. april: - Møte med klassekontaktar og varamenn.
- observasjon på småskulesteget og mellomsteget.

Tysdag 5. april: - observasjon på alle steg.
- intervju med fire lærarar på u.steget.
- intervju med lærarane på småskulesteget og mellomst.
- intervju med elevar i 3., 4., 5., 6. og 7. kl.

Onsdag 6. april: - intervju med tre elevgrupper på u. steget.
- samtale med skuleleiinga

Torsdag 7. april: - framlegging av førebels rapport



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdplan og generell informasjon om arbeidsplanar, vekeplanar og lekseplanar.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderarane ut eit loggskjema. Dette vart fylt ut av alle klassar kvar dag i to veker, og returnert til vurderarane for oppsummering. Foreldra fylte ut eit påstandskjema.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav overflatekunnskap om skulen generelt og innblikk i delar av fokusområdet.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L-97 og skulen sine planar.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderarane samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane. Vi hadde òg samtale med klassekontaktar og varamenn. I tillegg gjennomførte me observasjon på alle trinn.

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå elevane, dei tilsette og foreldra og det vi observerte mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



8 SKULEN SINE STERKE SIDER

- *Opne og samarbeidsvillige lærarar.*
- *God tone på personalrommet.*
- *Opne og engasjerte foreldre.*
- *Me har møtt høflege og greie elevar.*
- *Ryddige klasserom.*
- *God orden på skulen generelt.*
- *Skulen har godt med datautstyr.*
- *Svært fint skulekjøkken.*

9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- *Elevane må få meir ansvar og medverknad.*
- *Skulen må ta i bruk arbeidsplanar for å tilpassa opplæringa.*
- *Skulen må arbeida meir med konfliktførebyggjing og konflikthandsaming.*
- *Leiinga må leggja til rette for at lærarane kan ta større ansvar for å gjera timeplanen tenleg.*



10 UTDJUPING AV UTVIKLINGSOMRÅDA

Elevane må få meir ansvar og medverknad.

Frå analyse av resultatata i Elevinspektørane:

"Typisk for elever som opplever at de har stor innflytelse på sin opplæring:

De trives veldig godt på skolen og i den klassen de tilhører.
De er interessert i å lære, og det er også de andre i klassen.
De har lærere som er flinke til å få dem til å bli interessert i å lære."

Elevar som ikkje opplever dette, vil reagere motsett av det som står her.

Skulen må ta i bruk arbeidsplanar for å tilpassa opplæringa.

"Tilpassa opplæring er eit overordna prinsipp. Alle elevane skal få møte oppgåver og utfordringar dei kan strekkje seg etter og vekse på og som dei maktar og meistrar. For å møte individuelle behov må både det felles og det lokale lærestoffet tilpassast føresetnadene til elevane. Det gir høve til ulik behandling og fordjuping og variasjon i art, vanskegrad, mengd, tempo og progresjon." (frå prinsipp og retningslinjer-L97)

Ein god måte å gjera dette på, er å nytta arbeidsplanar.

Arbeidsplanar medfører at ein gjev elevane meir ansvar, medverknad og trening i sjølvstendig arbeid.
Ulike læringsmål fordrar ulike oppgåvetypar og arbeidsmåtar.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Når ein skal utarbeida ein arbeidsplan, bør ein ha i tankane nokre moment som kort kan oppsummerast slik:

- arbeidet bør veksla mellom individuelt arbeid og arbeid i fellesskap.
- Elevane må få trening i ansvar for å fullføra ei oppgåve, og trening i å disponera tida si.
- Planen bør gje rom for veksling av arbeidsoppgåver.
- Etter at planen er gjennomført, bør elevar vera med å oppsummera og vurdera arbeidsinnsatsen sin.
- Planen må vera slik at behovet for fellesskapsopplevingar ikkje vert skadelidande.
- Læringsmåla bør vera konkretiserte i arbeidsplanane. Slik veit elevane kva dei skal læra og kva dei vert vurderte etter.
- Planen bør innehalda høve til val. Elevane må få trening i verta sjølvstendige gjennom å gjera val.

Tips til utforming av arbeidsplan:

<i>Planen kan variera med:</i>	Same plan for alle:	Ulike planar i klassen:		
Ulike vanskegradar:	Innan same plan (må-bør-kan, eller A-B-C etter vanskegrad)	Oppgåver med ulik vanskegrad innan same tema.		
Ulik mengde arbeid:	Skilje med tid (t.d. rekn i 20 min.)	Varierende mengde med oppgåver på dei ulike planane.		
Oppgåver som den einskilde bør arbeide med:	T.d. øv til du kan 6-gongen.	Bli skrivne på etter avtale eller eigne oppgåver i eit eller fleire fag.		

Vekeplanen 2. klasse nyttar, kan brukast på heile småskulesteget. I tillegg må dei prøva ut enkle arbeidsplanar over 2-3 timar eit par dagar i veka i 3. og 4. klasse. På mellom- og ungdomssteget må bruken av arbeidsplanar gradvis utvidast slik at han etter kvart inneheld **alt** skule - og heimearbeid.



Hardanger / Voss kompetanseregion ***Vurderingsgruppa***

Det er enklare for alle partar i skulesamfunnet om ein greier å nytta ein felles mal for desse planane.

Skulen må arbeida meir med konfliktførebyggjing og konflikthandsaming.

Det vi har fått vita gjennom informasjonsinnhenting, er at skulen slit med hærverk og fastlåste konflikhtar. Dette ser ut til å ha gitt skulen eit dårleg rykte.

Vi veit òg at skulen har gripe fatt i problemet og bruker mykje tid og krefter på det.

Det er viktig at alle menneske vert møtt med respekt og får ansvar. Dette gjeld også elevane våre.

Positiv marknadsføring av Sundve skule er også viktig for å få bukt med eit dårleg rykte.

Eit tett samarbeid med foreldra og klassekontaktane er avgjerande i dette arbeidet.

Leiinga må leggja til rette for at lærarane kan ta større ansvar for å gjera timeplanen tenleg.

Vår informasjon seier at lærarane meiner at timeplanen hindrar at dei kan gjennomføra opplegg som t.d. uteskule.

Ved å vera meir med i timeplanlegginga, kan dei og sikra at dette blir betre. Dei kan også få til at kontaktlærar får fleire timar i eigen klasse.

Leiinga på si side, seier at lærarane fekk tilbod om å vera med å leggja timeplanen i fjor, men avslo dette.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

10 VIDARE ARBEID ETTER APRIL 2005 SUNDVE SKULE

Utviklingsområde	Idear	
<i>Elevane må få meir ansvar og medverknad.</i>	<ul style="list-style-type: none">• Få elevrådet opp å gå• Elevansvar for miljøkantina• Bruk av arbeidsplanar	
<i>Skulen må arbeida meir med konfliktførebyggjing og konflikthandsaming.</i>	<ul style="list-style-type: none">• Vidareføre prosjektet "Lions Quest".• Les Jan Atle Andersen: "Folkeskikk og uskikk på jobben".	
<i>Skulen må ta i bruk arbeidsplanar for å tilpassa opplæringa.</i>	<ul style="list-style-type: none">• Hospiter på skular som har fått dette til.	
<i>Leiinga må leggja til rette for at lærarane kan ta større ansvar for å gjera timeplanen tenleg.</i>	<ul style="list-style-type: none">• Leiinga legg fast det som må vera bunde• Lærarane må vita kor mange timar dei skal ha• Det bør vera tre team• Fleksibilitet er heilt turvande• Elevane sitt beste veg tyngst	

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Sundve 7. april 2005

Gudny Fykse

Rannveig Alvsåker
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Torgeir Vassnes

Talet på vedlegg: 4



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

Sundve skule skal ha ekstern vurdering våren 2005.

Vurderingsområde er:

Tilpassa opplæring med hovudvekt på arbeidsmåtar og læringsstrategiar.

Me som skal vurdera, ønskjer ein del informasjon frå dykk foreldre. Me vonar de kan ta dykk tid til å fylla ut dette skjemaet og senda det tilbake til skulen innan 16.03.05

På førehand, takk for hjelpa!

Rannveig L. Alvsåker

Torgeir Vassnes

Gudny Fykse

PÅSTANDSSKJEMA TIL FORELDRE VED SUNDVE SKULE
VÅR 2005

Nr	PÅSTANDAR	STEMMER HEILT	STEMMER I NOKON GRAD	STEMMER I LITEN GRAD
1	Eg/me er godt informert om mitt barn sitt skulearbeid			
2	Eg/me veit <u>kva</u> det vert arbeidd med på skulen til kvar tid			
3	Eg/me veit <u>korleis</u> barnet arbeider på skulen			
4	Det er lett å ta kontakt med skulen viss noko er uklart			
5	På konferansetimane er det lett å ta opp ting			
6	Barnet mitt/vårt har vekeplan			
7	Vekeplanen inneheld oversikt over arbeid på skulen og heimearbeid			
8	Barnet mitt/vårt har lekseplan			
9	Barnet mitt/vårt har passe vanskelege oppgåver			
10	Barnet mitt/vårt har varierte oppgåver			
11	Barnet mitt/vårt veit korleis det skal læra nye ting			



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 2

1. - 4. trinn.

Skulen din skal ha besøk. På førehand vil me gjerne vita litt om korleis du har det på skulen. Me vil også gjerne få vita litt om korleis du arbeider. Derfor vil me at du kryssar av på dette skjemaet.

Læraren les spørsmåla for deg, og du skal kryssa under det fjeset du meiner passar best.

☺ = Dette passar heilt slik det er

☹ = Det passar nokså bra

☹ = Det passar ikkje

		☺	☹	☹
1	Eg er trygg på skulen			
2	Eg har nokon å leika med på skulen			
3	Eg blir ikkje erta på skulen			
4	Eg ertar ingen på skulen			
5	Eg veit kva eg skal læra i timane			
6	Eg hjelper andre med skulearbeidet			
7	Eg får hjelp av andre med skulearbeidet			
8	Eg arbeider saman med nokon i timane			
9	Eg arbeider alltid åleine			
10	Vi sit i grupper			
11	Nokre gonger har vi arbeidsplan. Då kan vi velja kva vi gjer først			
12	Eg har brukt data på skulen			
13	Leksene mine greier eg godt			
14	Læraren min snakkar ofte med meg			
15	Læraren seier ofte at eg er flink			



Samtaleguide – elevar

Trivsel

- Snakkar du med læraren kvar dag?
- Korleis?
- Har du vener på skulen ?
- Er det konflikhtar på skulen?
- Korleis er det arbeidsro i timane ?
- Kva gjer du på i friminuttane?

Tilpassa opplæring

- Jobbar du av og til etter ein arbeidsplan der du bestemmer sjølv kva du vil gjera først og sist...
- Korleis får du vita kva du skal læra (læringsmål)?
- På kva måte er du med på å vurdere arbeidet ditt?
- Korleis veit du kva læraren legg vekt på når han vurderer arbeidet ditt?
- Gjer alle det same i den same timen?
- Kan du velja om du vil gjera lette eller vanskelege oppgåver(heime/skulen)
- Kan du velja korleis du skal arbeida med noko du skal læra (t.d. samarbeide)
- Har du elevsamtale?

Varierte arbeidsmåtar og læringsstrategiar

- Fortel om eit prosjektarbeid du har gjort ?
- Framfører de noko for klassen. Korleis?
- Snakkar læraren med dykk om ulike måtar å jobba på?
- Kor tid nyttar du datamaskin?

Å nå læringsmåla

- Når du gjer eit arbeid, får du melding undervegs korleis du gjer det?
- Får du alltid vita korleis du har gjort eit arbeid når du er ferdig med det?
- Har de mapper i nokre fag?



Samtaleguide – lærarar

Trivsel

- Kva gjer at du trivst/ikkje trivst på skulen?
- Korleis gjev du elevane dine merksemd kvar dag?
- Korleis er det med arbeidsroen?

Samarbeid heim og skule

- Korleis er samarbeidet med heimane?

Tilpassa opplæring

- Korleis tilpassa du opplæringa? (arbeidsplan/vekeplan/leksepl.)
- Korleis får elevane trening i å disponera tida si?
- Korleis blir elevar og foreldre kjende med læringsmåla?
- Korleis er elevane med å vurdere sitt eige arbeid?
- Korleis kan elevane gjera val m.o.t. vanskegrad / arbeidsmåte?
- Korleis gjennomfører de elevsamtale.

Om arbeidsmåtar og læringsstrategiar

- Korleis gjennomfører de prosjektarbeid (leik, uteskule)?
- På kva måtar får elevane uttrykka seg (framføringar)?
- Ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar...
- Korleis brukar de digitalt utstyr i undervisninga?

Å nå læringsmåla

- Korleis får elevane undervegsvurdering?
- Korleis er sluttvurderinga?
- Korleis er det med mappevurdering?
- Korleis evaluerer de kartleggingsprøvar/nasjonale prøvar?
- Korleis er oppfølgjinga av dette?



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa